



Røysterett for Alle er klare for vårkonsert.

Blandakoret Røysterett for Alle med musikalsk leiar Maria Malmsten har brukt mykje av vårsemesteret til innøving av nytt stoff til konserten, der gruppa Amigos er gjester, under leiing av Kjell Skarsfjord. Konserten vert i Helgheim i kveld, torsdag 9. mai kl. 19.00.

Som mange sikkert har lagt merke til, har det alt kome plakatar som forkynner at i kveld, torsdag 09. mai kl. 19.00, vert det vårkonsert i Helgheim. Pr-ansvarleg Svein Rimestad fortel at koret har jobba med mykje nytt i vår, og ein heil del av det sit såpass godt at me tykkjer me kan by det fram på konserten. Me har like mykje på lur, og det kan presenterast når me berre får det litt betre inn. Av dei ti songane me tenkjer å gje til beste, er seks nye av året, og har Uskedalspremiere. Nokre få er tradisjonelle korsongar, medan hovudtyngda ligg på populærmusikk frå 60-talet og utover.

Gruppa Amigos, under leiing av Kjell Skarsfjord, er truleg kjend for dei fleste, og dei gler seg til å få dela stoffet sitt med oss. Dei har ikkje vore slepphendte med kva dei skal framføra, dei seier berre at dei gler seg – det kan truleg me og.

Før pausen vil det vera ei avdeling med Røysterett for Alle, og ei med Amigos.

I pausen vil det vera to omgangar åresal, samt kaker og kaffi/te (på inngangsbilletten)

Etter pausen vert det ei avdeling med Røysterett att, før de vonleg kan gå nógde heim.

Tekst: Svein Rimestad/ Kristian Bringedal

Foto: Atle Helland

Nett: Kristian Bringedal